

Vedtekter for SÆ BARNEHAGE AS



1. EIGARTILHØVE

Barnehagen er eigd og driven av Grete Håvardsholm Dramdal og Hilde Grindevik i Sæ barnehage AS.

Vedtektene er fastsett av eigarane innanfor ramma av gjeldande lovar og reglar.

2. FØREMÅLET

Barnehagelova § 1 Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Aksjeselskapet sitt formål er å på best moglege måte å driva Sæ barnehage AS.

Barnehagen skal gi barna eit godt miljø med vekt på leik og samvær med andre barn og vaksne. Barnehagen skal leggja vekt på friluftsliv, eit sunt kosthald og prosjektarbeid.

Barnehagen vert driven i samsvar med:

- Lov om barnehager med gjeldande forskrifter
- Vedtekter for Sæ barnehage AS
- Årsplan for Sæ barnehage
- Lov om internkontroll og barnehagens egen sikkerhets/ internkontrollrutiner.
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.
- Med meir

3. BARNEHAGENS ORGAN

3.1 Eigarstyret

Eigarstyret er økonomisk ansvarlig for aksjeselskapet og skal vere kontrollorgan for barnehagen. Vidare fungerer eigarstyret som barnehagens øvste organ mellom generalforsamlingane.

3.2 Årsmøtet (generalforsamlinga)

Årsmøtet (generalforsamlinga) er barnehagens øvste myndighet. Det er egne vedtekter for aksjeselskapet.

3.3 Foreldreråd og samarbeidsutval

For å sikre samarbeidet med barnets heim, skal barnehagen ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Foreldreråd består av føresette til barn i barnehagen. Foreldrerådet er det formelle organet som skal gje alle foreldre medinnflytelse i barnehagen sin kvardag. Foreldrerådet skal fremja samarbeid mellom heim og barnehage. Foreldrerådet kan be om å få seg førelagt saker av viktighet for foreldra sitt forhold til barnehagen. Foreldrerådet har rett til å uttale seg i slike saker før avgjersler vert teken. Ved avstemming i foreldrerådet gis det ei stemme for kvart barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld, jf Lov om barnehager § 3. Foreldrerådet har mynde til å vedta om foreldrebetalinga kan setjas høgare enn maksimalsatsen, jf Forskrift om foreldrebetaling § 4. Barnehageeigar skal sørgja for at saker av viktighet vert førelagt foreldrerådet. Det skal haldast to foreldremøte i året. Dagleg leiar har ansvar for innkalling og gjennomføring.

Samarbeidsutvalet skal vera eit samarbeidsorgan for foreldre, personale og eigar. Dei skal mellom anna sjå til at barnehagen vert driven i samsvar med barnehagelova og vedtektene til barnehagen.

Samarbeidsutvalet består av : Dagleg leiar, representant frå eigar, 2 tilsette med vara og 3 foreldre med vara. Foreldre og tilsette frå blå og grøn fløy bør vera representert. Dagleg leiar er eigar sin representant i SU . Som eigars representant har dagleg leiar stemme -, møte-,tale- og forslagsrett i SU. Medlemmene i SU vert valt for to år om gongen, og dei konstituerer seg sjølv med leiar og sekretær. SU har møte etter oppsatt plan og ved behov, og leiar kallar inn til møta. Ved lik stemmegjeving, avgjer dagleg leiar si stemme. SU skal godkjenne barnehagen sin årsplan.

4. OPPTAK OG OPPSIGELSE

4.1 Opptakskrets ;

- 1; Barn som bur i Stord kommune.
- 2; Søkjarar frå andre kommunar

4.2 Prioritet ved opptak

Sæ er med i den samordna opptaksprosessen i Stord kommune.

Opptak av barn i barnehagen gjer dagleg leiar i medhald til punkt 1-4 under:

1. Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne. Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage, jf barnehagelova §13 Prioritet ved opptak
2. Barn med søsken i barnehagen, og barn til fast tilsette i barnehagen.
3. Barn som har lovfesta rett til barnehageplass jamfør barnehagelova §12a.
4. Andre søkjarar som står på barnehagen si venteliste

Barnegruppa si samansetting med omsyn til alder/kjønn blir teken med i vurderinga.

Den lokale klagenemnda handsamar eventuelle klager, jf Forskrift om sakshandsamingsregler ved opptak i barnehage §7.

4.3 Opptaksperiode og oppseiingsfrist

Stord kommune nyttar elektronisk system for opptak av barn i barnehage. Dersom ein ynskjer å sei opp plassen, skal dette gjerast elektronisk, via «Barnehage- og SFO portalen». Føresette skal sjølv halda kontaktinformasjonen oppdatert.

Søknadsfristen for hovudopptaket er 1.mars. Etter hovudopptaket er det kontinuerleg opptak ved ledige plassar.

Når eit barn har fått plass, får det behalda plassen fram til 31.07. det året det skal byrja på skulen. Gjensidig oppseiingsfrist er 2 månader rekna frå den første i månaden etter at oppseiinga er gjort. Unntak kan gjerast dersom plassen kan fyllast før oppseiinga er ute.

5. FERIE/PERMISJON/ENDRING AV OPPHALDSTID

I løpet av bruksåret skal barnet ha fire veker ferie. Tre av desse vekene skal vera samanhengande og i perioden juni –september. Foreldra må innan 15.04. kvart år gi melding om kva tid barnet skal ha ferie.

6. OPNINGSTID

Dagleg opningstid er kl 06.45 – 16.30.

Føresette som ikkje overheld stengetida, må betala ein meirkostnad på kr. 100,- pr. pågynt halvtime.

Barnehagen er open heile året. For at barnehagen skal halda ope heile sommaren og mellom jul og nyttår, må det vera minimum 20 barn som har behov for tilbod. Juleaftan og nyttårsaftan har barnehagen stengt. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl. 12.00.

Personalet har 37,5 timar / 5 dagar planleggingstid i året, og 4 desse dagane blir tatt på dagtid. Barnehagen er stengt desse dagane, jf. barnehagen si barnehagerute.

7. AREALUTNYTTING

Leike og opphaldsareal per barn er 5,3 m² for barn under 3 år og 4,0 m² for barn 3 år og meir.

8. FORELDREBETALING

Barnehagane følgjer statlege satsar for maksimalpris på heiltidstilbod i barnehage.

Satsen for 2018 er kr 2 910,-.

Betalinga skjer ved forskots betaling. Foreldrebetalinga skal betalast innan 15. i kvar måned. Sæ barnehage nyttar e faktura som betalingsmåte.

Det skal betalast for 11 månader i året. Juli er betalingsfri. Forskrift om foreldrebetaling gir høve til å ta ekstra betaling for matsservering/drikke. Betaling for dette skal vera til sjølvkost. Barnehagen serverer alle måltid i barnehagen, og kostpris per måned er kr. 300,-. Det er ikkje søskenmoderasjon på matpengar.

Det vert gjeve 30 % søskenmoderasjon frå og med søsken nummer to og 50 % søskenmoderasjon frå og med søsken nummer tre og vidare. Dersom søsken går i ulike barnehagar gjeld same reglar for søskenmoderasjon.

Redusert foreldrebetaling/friplass kan gjevast etter søknad frå føresette med låg inntekt. Informasjon og søknadsskjema ligg på kommunen si heimeside.

Det vert ikkje gjeve fråtrekk i betalinga for fråvæer ved sjukdom eller andre årsaker, og det vert heller ikkje fråtrekk for dei dagane barnehagen har stengt, t.d. planleggingsdagar, helge – og høgtidsdagar.

8.1 Ved manglande betaling

Purring etter 14 dagar, deretter vil reglar for inndriving setjast i verk. Barnet misser plassen etter 2 månader, og saka går vidare til inkasso.

9. MAT

Barnehagen serverer frukost, lunsj og frukt kvar dag.

NB: Ikkje ta med kaker og andre søtsaker til barnet ditt.

10. HELSEMESSIGE FORHOLD/ FRÅVÆR

Gje beskjed til barnehagen så snart som mogeleg om barnet ditt er sjukt eller skal ha fri. Sjuke barn skal ikkje møta i barnehagen, jf Folkehelseinstituttet «Når syke barn bør holdes hjemme». Dagleg leiar avgjer tvilstilfelle om barnet kan møta i barnehagen.

11. ANSVAR

Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen. Eigar er pålagt å teikne ulykkes forsikring for barna. Levering og henting av barna er føresette ansvarlege for. Den som fylgjer barnet til barnehagen må ikkje forlata barnet før han/ho har hatt kontakt med personale. Dersom barnet skal hentast av ein anna person enn den/dei som til vanleg hentar, skal barnehagen ha beskjed av føresette om dette.

Tilsette skal ikkje ta barna med i privatbil, minibuss eller offentleg transportmiddel utan skriftleg samtykke frå føresette. Det same gjeld bruk av bilete i dokumentasjon eller på nettsider.

12. INTERNKONTROLL

Barnehagen har internkontroll i tråd med krav i Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler. Internkontrollsystemet heiter PBL MENTOR.

13. TILSETJINGAR

Dagleg leiar vert tilsett av barnehagen sitt styre, og representere barnehagen sine eigarar. Dagleg leiar rapportere til samarbeidsutvalet og styret. Det øvrige personalet vert tilsett av dagleg leiar.

14. TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT

Samarbeidsutvalet, studentar og dei tilsette har teieplikt i tråd med krav i barnehagelova § 20. Utan hinder av teieplikta skal barnehagen melda frå til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, når det føreligg andre former for alvorlig omsorgssvikt og når eit barn har vist vedvarande alvorlige åtferd, jf barnehagelova §22.

15. ENDRINGAR

Endringar eller tillegg til vedtektene kan gjerast av eigar etter uttalerett frå samarbeidsutvalet.

Sæ barnehage den

Underskrifter ;

Daglegleiar ; _____

Eigar ; _____

Foreldreråds leiar ; _____